
Fra: noreply@regjeringen.no
Sendt: 30. juni 2016 16:33
Til: postmottak SD
Emne: Nytt høringssvar til 16/485 - Høring - Grunnlagsdokument Nasjonal transportplan 2018-2029

Referanse: 16/485
Høring: Høring - Grunnlagsdokument Nasjonal transportplan 2018-2029
Levert: 30.06.2016 16:32
Svarstype: Med merknader
Kontakt avsender: Næringsalliansen Hordaland
Kontaktperson: Asbjørn Moe
Kontakt-e-post: post@etnevindafjord.no
Tittel: Høyringsuttale NTP 2018 - 2029

Uttalelse:

Næringsalliansen er eit næringspolitisk talerøyr for bedrifter i Hordaland. Nettverket vårt er eit samarbeid mellom 12 private næringsforeiningar, og vi representerer til saman om lag 2.500 bedrifter og over 125.000 arbeidsplassar i regionen.

Næringsalliansen sluttar seg i hovudtrekk til prosjekta i det felles innspelsdokumentet frå Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune, Bergen Næringsråd, NHO Hordaland og LO i Hordaland.

Næringsalliansen uttaler følgjande i samband med Nasjonal Transportplan for 2018-2029:

Ferjefri E39

Dette er eit av dei store og prioriterte nasjonale transportprosjekta. Det er svært viktig å halda framdrifta i prosjekta langs strekninga, og for Hordaland er det særskild viktig å få på plass *Hordfast, Ringveg Aust utanom Bergen og Nordhordlandstunnelen*.

Bysatsing/bymiljøavtale i Bergen

Veksten i transportsektoren i Noreg skal skje i storbyane og gjennom auka bruk av kollektiv, sykkel og gange. Difor må det på plass bymiljøavtalar som kan sikra utvikling i storbyane. For Bergen gjeld det midlar til vidare utbygging av bybane, ringveg som kan frigjera plass til kollektivtrafikk på dagens innfartsårer, og ei storstilt sykkelsatsing.

Sotrasambandet

Sambandet skal byggjast som eit OPS-prosjekt. Det er likevel viktig at den statlege delen blir på 50 % for at næringslivet på Sotra ikkje skal bli for sterkt ramma. Prosjektet er allereie kome langt i planfasen og må difor startast før 2020.

E16/Vossabane

Vegstrekninga på E 16 er det einaste prosjektet i Hordaland som ligg inne med bundne midlar. Det er svært positivt at styresmaktene går for K5-prosjektet og prioriterer både bane og veg på

denne svært rasutsette strekninga. Samtidig må veg og bane byggjast på heile strekninga Arna-Voss.

KVU for vegarm mellom E134 og Bergensområdet

Næringsalliansen ber om at det blir gjennomført ein KVU for vegarm mellom E134 og Bergensområdet. Dette må skje **før** NTP blir vedtatt våren 2017. Ei slik prioritering er viktig for å sikre eit heilskapleg grunnlag for val av strategi for utvikling av aust-vest-sambandet. Statens vegvesen har tidlegare konkluderte med at E134 skal vera ein av to prioriterte hovudvegar mellom aust og vest. NTP-framlegget har synleggjort midlar til utbygging av E134 mellom Seljestad og Vågslid. Dette er ei viktig satsing for å utvikla eit meir effektivt og vintersikkert aust-vest-samband, og vi ber om at denne strekninga vert prioritert så tidleg som mogleg i planperioden.

Rassikring

Næringsalliansen føreset at prioriterte/bundne rassikringsprosjekt som er synleggjort i NTP vert gjennomført. I tillegg er det behov for ytterlegare tiltak til rassikring på både riks- og fylkesvegnettet, i særleg grad RV13.

Logistikknutepunkt i Bergen

Når det gjeld godsterminal/logistikknutepunkt i Bergen er det behov for ei snarleg avklaring av lokaliseringsspørsmålet, og vi føreset at utbygging/flytting vil skje i løpet av planperioden 2018-29. Ei synleggjering av dette, inkludert finansiering, må inn i NTP-dokumentet.

Verdien av ein heilskapleg transportplan

Noreg har ei lang kystline og i tillegg mange øyer og ferjestrekningar. Dette gjer sjøtransport både for gods og persontrafikk til eit område for utvikling av miljøteknologi og nye energiformer. Vi har i Noreg i dag eit fortrinn på dette området, og det er viktig at dette vert utvikla i ein heimemarknad med det offentlege som den krevjande kunden. På denne måten vil miljøproblematikken løysast innanfor fleire transportområde og eit større geografisk område, og det vil gje verftsindustri og leverandørindustri nye marknader i ei krevjande tid med behov for omstilling. Hordaland har store moglegheiter, utfordringar og behov knytt til å byggja region, skapa verdiar, sikra transporttryggleik og ta vare på klima og miljø. Desse tema er knytt tett saman og må møtast med ein heilskapleg og offensiv transportplan.

Samfunnsøkonomisk lønsemd – heilskaplege vurderingar av nytte

Grunnlagsdokumentet nyttar ein tradisjonell utrekningsmetode for samfunnsnytte. Denne kan til dels fungera som rangering mellom liknande (omfang, type) prosjekt, men er misvisande som rangering mellom ulike prosjekt og om prosjekt faktisk er lønsame (burde igangsetjast). Døme på dette finn ein mellom anna i aust-vest-utgreiinga som reknar heilskapleg nytte på samanhengande korridorar. Her ser ein at prosjekt/korridorar med stor positiv netto nytte som samanhengane prosjekt, framstår med mindre netto nytte som små enkeltprosjekt. Ei slik

heilskapleg samfunnsnyttevurdering skal ta opp i seg dei fleste omsyn og bør tillegkast stor vekt, jfr. Produktivitetskommissjonen (NOU 2015:1) sine tilrådingar.

Økonomisk ramme

For å møta framtidige samferdselutfordringar og -behov må økonomisk ramme for NTP i den komande 12-årsperioden minimum vera ”høg ramme”.

Med vennlig hilsen
Næringsalliansen

Askøy Næringslivsforening Austevoll Næringsråd, Bergen Næringsråd, Etne og Vindafjord Næringsutvikling, Fusa Næringslivslag, Kvam Næringsråd, Nordhordland Handverk- og Industrilag, Osterøy Industrilag, SMB Hardanger, Stord Næringsråd, Vaksdal Næringssselskap og Vest Næringsråd.

Vedlegg: -